



ÅL KOMMUNE

Strategidokumentet

Betre læring i Ål kommune

2022 – 2025

*«Alle som veks opp i Ål skal bli
flygedyktige og rotfaste.»*



Tegna av elevar på Torpo skule



Betre læring i Ål kommune

eit strategidokument for oppvekstsektoren vedteke i kommunestyret desember, 2021.

Ål kommunestyre vedtok 26.08.2010 å sjå på utvikling av innhald, kvalitet og struktur for skular og barnehagar i Ål. Ei brei prosjektgruppe med 12 medlemmar fekk i oppgåve å utarbeide ein plan for utvikling av skular og barnehagar i perioden 2011-2015.

Ål kommunestyre vedtok plandokumentet «Betre læring i Ål kommune» i sak 35/11, 15. juni 2011.

Plandokumentet Betre læring 2011 - 2015 har to delar:

1. Strategidokumentet Betre læring i Ål kommune.
2. Handlingsplan 2011 – 2015, blir rullert kvart år.

I tillegg vedtok kommunestyret «Kvalitetsmål for oppvekstsektoren i Ål» i juni 2012.

Sektorutval for kultur og oppvekst (SUKO) vedtok i sak 35/14: «Rullering av plandokumentet Betre læring i Ål kommune 2016-2020, skal starte opp etter kommunevalet hausten 2015 med vedtak i kommunestyret våren 2016.»

Sektorutval for kultur og oppvekst sette ned ei gruppe for å utarbeide ny rullering av strategidokument for perioden 2021-2025, d. Arbeidet med nytt strategidokument vert utsett med eitt år då pandemien råka landet i 2020. Betre læring 2016-2020 vert forlenge til å gjelde også for 2021.

Arbeidsgruppe

Arbeidsgruppa som vart sett ned har hatt desse medlemene:

1. Ola Terje Oleivsgard (leiar i SUKO og saksordførar)
2. Espen Karlsen (SUKO/ vara i kommunestyret)
3. Elin Flaget (representant for barnetrinnet)
4. Einfrid Hagen (representant for barnehagane)
5. Trude Buseth (representant for Fagforbundet)
6. Gjermund Flaget (HTV – Utdanningsforbundet)
7. Vegar Hoel (kommunalsjef oppvekst)

Mandat

Arbeidsgruppa har revidert innhaldet i plandokument «Betre læring i Ål kommune» og gjort plandokumentet tenleg som styringsverktøy for oppvekstsektoren i Ål fram mot 2025.

Arbeidsform

Arbeidsgruppa har hatt sju arbeidsmøte og har gjennomført ei høyring i sektoren. Det kom inn 17 høyringssvar med viktige bidrag frå avdelingane i oppvekst i Ål, FAU i dei ulike avdelingane, Ål Ungdomsråd, Utdanningsforbundet i Ål, Fagforbundet i Ål og ein privatperson. Innspela har vore med å forme plandokumentet. Undervegs har *Betre læring* vore tema på strategikonferansen i oppvekst, på leiarmøte og i sektorutvalet for kultur og oppvekst (SUKO).

Dette strategidokumentet er handsama i SUKO 23.11 og i kommunestyret 16.12.21.



Innhold i Strategidokumentet

1 KOMMUNEN SOM EIGAR	7
1.1 Kommunen har ansvar for både barnehage og skule	7
1.2 Oppdraget - Ål sine ambisjoner	7
1.3 Betre læring i Ål kommune.....	7
1.4 Berekraftsmål for oppvekst	8
1.5 Oppvekstsektoren i Ål sine målsettingar	8
1.5.1 Kvalitetsmål 2022 - 2025	8
1.5.2 Resultatmål.....	9
1.5.3 Kvalitetsårshjulet.....	9
2. FORANKRING I LOVER, FORSKRIFTER OG PLANVERK	11
2.1 Lov om barnehagar.....	11
2.2 Rammeplan for barnehagen av 2017	11
2.3 Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa	12
I Opplæringsloven § 1-1 i kapittel 1 om føremålet med opplæringa, står det mellom anna:.....	12
2.4 Kunnskapsløftet av 2020	12
2.5 Rammeplan for kulturskolen.....	12
2.6 Kommuneplan for Ål 2015-2027	12
2.6.1 Våre verdier	14
3. FORSKING OG TEORI	16
EVIDENSBASERT PRAKSIS GIR EIN BETRE PRAKSIS.....	16
3.1 Tidleg innsats.....	15
3.2 Vaksenrolla.....	16
3.3 Stortingsmelding 6: Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO	17
3.4 Oppvekstreforma	18
3.5 Om lærarrolla. Eit kunnskapsgrunnlag.....	18
3.6 Lærarprofesjonen	19
3.7 Stortingsmelding 28 2015–2016: Fag – Fordypning – Forståelse	20
4. OPPVEKSTSEKTOREN I ÅL	22
4.1 Barnehagar	22
4.2 Skular	22
4.3 Andre avdelingar i oppvekst.....	22
4.4 Elevtalsutviklinga basert på fødselstal	22
5 ME ER I GANG.....	26
5.1. Språkkompetanse.....	26
5.2 Systemarbeid «Trygg oppvekst»	26
5.3 «Frå plan til praksis»	26
5.4 Hallingdal Leirskule.....	27
6 UTFORDRINGANE VÅRE.....	29
6.1 Spesialundervisning.....	29
6.2 Pedagogisk bruk av IKT	29



6.3	Svake resultat på 5. trinn.....	29
6.4	Økonomi	30
6.5	Integrering	30
6.6	Fådelte skular	30
6.7	Kompetansekrav	31
7.	INNSATSOMRÅDE I PERIODEN 2022 – 2025	33
7.1	Vedlikehold av pågående arbeid i sektoren	33
7.2	Utviklingsområde i planperioden.....	33
A.	Inkluderende barnehage- og skulemiljø (IBS)	33
B.	Heilskapleg opplæring.....	33
C.	Pedagogisk bruk av IKT	34
7.3	Kompetansearbeid	34
7.3.1	Barnehage- og skulebasert kompetanseutvikling.....	34
7.3.2	Pedagogisk bruk av IKT	34
7.3.3	Tidleg innsats og livsmeistring	34
8	STRATEGIDOKUMENTET OG HANDLINGSPLAN	36





THERE ARE TWO
GIFTS WE SHOULD
GIVE OUR CHILDREN;
ONE IS ROOTS, AND
THE OTHER IS WINGS.

Eit indiansk ordtak. (Bilete lånt frå internett).



1 Kommunen som eigar

1.1 Kommunen har ansvar for både barnehage og skule

Bygging og drift av barnehage og skule er ei kommunal oppgåve. Sidan 80-talet har det vore ei gradvis endring frå statleg regelstyring til kommunal målstyring. Overføringane frå staten var tidlegare i mykje større grad øyremerka. I dag blir det gjeve rammeløyvingar. Så lenge kommunane rettar seg etter lovverket, kan dei sjølve gjere val og i større grad enn tidlegare styre innhaldet i både barnehage og skule. Det krev at lokalpolitikarane får større innsyn og innsikt i oppvekstsektoren.

1.2 Oppdraget - Ål sine ambisjonar

Læring er det viktigaste oppdraget for oppvekstsektoren i Ål, og visjonen er at:

Alle som veks opp i Ål skal bli flygedyktige og rotfaste.

I barnehage og skule skal barn og elevar lære ferdigheiter og få innsikt i fag og verdier slik at kvar einskild blir i betre stand til å meistre eigne liv og bli ein god hjelpar for andre. Med dette som bakteppe, arbeider sektoren mot hovudmålsettinga: **I eit inkluderande oppvekstmiljø der alle ser og blir sett, får kvar einskild kraft til å meistre eigne liv.** «Me bør bedømme leiarskap primært etter kva effekt det har på elevane, heller enn på dei vaksne», seier professor Viviane Robinson. Det betyr ikkje at me ikkje legg vekt på gode arbeidsmiljø i einingane i oppvekst, men peikar heller på at barna si grunnleggjande utvikling og læring som plattform i livet, er eit primært prosjekt - og den viktige årsaken til at kommunen har ein oppvekstsektor.

1.3 Betre læring i Ål kommune

Plandokumentet *Betre læring* i Ål kommune er eit viktig styringsverktøy for oppvekstsektoren. Planverket skal styre og samordne innsatsen for på beste måte å ivareta **læringsmandatet**. Denne planen omhandlar ikkje vedlikehald av og investering i bygg og anlegg. Dette sorterer under avdeling for byggforvaltning i kommunen.

Strategidokumentet *Betre læring* i Ål kommune har vore styringsdokument dei siste ti åra. Oppvekstsektoren anno 2021 har nokre av dei same utfordringane som i 2016. Samstundes har det vore ei utvikling som elles i samfunnet. Nye nasjonale utgreingar og ny forskning gjer at kommunal forvaltning må stå i stadig endring.



1.4 Berekraftsmål for oppvekst

I Ål, i Hallingdal, i Viken, i Noreg, i Norden, i Europa og i verden, gjer FN sine berekraftsmål seg gjeldande. Ein inkluderande, rettvis og god utdanning for alle er viktig del av *Betre læring 2021-2025*:



Sikre god helse og fremje god livskraft for alle uansett alder.

- Helsefremjande barnehage, skule og SFO
- Livsmeistring
- Inkluderande barnehage- og skulemiljø
- MOT
- «Kjærlichkeit og grenser»



Sikre inkluderande, rettferdig og god utdanning og fremje moglegheiter for livslang læring for alle

- Inkluderande barnehage- og skulemiljø
- Trygg Oppvekst
- Heilskapleg læring
- Pedagogisk bruk av IKT
- Leksehjelp på alle trinn
- Høg kvalitet og god kompetanse hjå tilsette



Fremje fredelege og inkluderande samfunn for å sikre berekraftig utvikling, sørgje for tilgang til rettsvern for alle og byggje velfungerande, ansvarlege og inkluderande institusjonar på alle nivå.

- Elevråd
- Ål Ungdomsråd
- Hallingdal Ungdomsråd (HUR)
- MOT
- «Kjærlichkeit og grenser»
- Kjeldekritikk
- Inkludering og integrering
- Demokrati og medborgarskap

1.5 Oppvekstsektoren i Ål sine målsettingar

1.5.1 Kvalitetsmål 2022 - 2025

A. Tett og tidleg på:

→ I Ål kommune skal satsinga på tidleg og tverrfagleg innsats bidra til at alle elevane som går ut av ungdomsskulen fullfører vidaregåande løp. Støtte og hjelp på eit tidleg tidspunkt når barn og unge treng det, og førebyggjande tiltak skal prioriterast.



B. Læringsutbytte:


→ Tilsette legg vekt på å stimulere og synleggjere ressursane til alle barn, unge og vaksne. Me må i fellesskap støtte opp om barn og unge sin kompetanse i å lære, motivere dei og hjelpe dei til å utvikle strategiar for å handtere utfordringar, evaluere seg sjølv, utvikle forståing for at læring krev innsats og uthald, slik at dei etter kvart kan utvikle haldningar og forventningar om at «Eg kan lære meir!»

1.5.2 Resultatmål

1. Redusere spesialundervisninga til minst landsgjennomsnittet.
2. Grunnskulepoeng etter 10. trinn og skuleindikatorane betre enn landsgjennomsnittet.
3. Resultat på elevundersøkinga betre enn landsgjennomsnittet.
4. Fråfall elevar vidaregåande skule under snittet i fylket og i landet.

1.5.3 Kvalitetsårshjulet

Samhandling mellom dei ulike aktørane og dei ulike nivåa er lagt inn i eit kvalitetsårshjul:



* LM: Leiarmøte i sektoren

Den ytre sirkelen viser den politiske styringa. Den indre sirkelen viser korleis avdelingane og leirane i sektoren gjennom handlingsplanen arbeider med dei ulike innsatsområda.



*Kan eg få vegrett heim til deg?
Du skal få bruksrett på heile meg
Eg kan smile og bli forbanna
Er teatralsk om ikkje anna*

«Romantikken gjer meg sjuk», Stein Torleif Bjella

Kapittel 2: Lover, forskrifter og planverk



2. Forankring i lover, forskrifter og planverk

2.1 Lov om barnehagar

I Barnehaageloven § 1 i kapittel 1 om føremålet og innhaldet i barnehagane, står det:

«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.

Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.» (<https://lovdata.no/lov/2005-06-17-64/§1>).

2.2 Rammeplan for barnehagen av 2017

Arbeidet i barnehagane er tufta på den nasjonale «Rammeplan for barnehagen» av 2017, som har som føremål at:

«Barnehagens innhold skal være allsidig, variert og tilpasset enkeltbarnet og barnegruppen. I barnehagen skal barna få leke og utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. Arbeidet med omsorg, danning, lek, læring, sosial kompetanse og kommunikasjon og språk skal ses i sammenheng og samlet bidra til barns allsidige utvikling. I samiske barnehager skal dette arbeidet bygge på samisk språk, kultur og tradisjonskunnskap. Barnehagen skal være en kulturarena hvor barna er medskapere av egen kultur i en atmosfære preget av humor og glede.

Barnehagens fysiske miljø skal være trygt og utfordrende og gi barna allsidige bevegelseserfaringer. Personalet skal utforme det fysiske miljøet slik at alle barn får muligheter til å delta aktivt i lek og andre aktiviteter, og slik at leker og materiell er tilgjengelig for barna.» ([Rammeplan for barnehagen \(udir.no\)](https://www.udir.no/rammeplan-for-barnehagen)).

Gjennom omsorg, danning, leik og læring skal barnehagane bygge sosial og språkleg kompetanse ved å arbeide med aktivitetar innan desse fagområda: Kommunikasjon, språk og tekst, Kropp, bevegelse og helse, Kunst, kultur og kreativitet, Natur, miljø og teknologi, Etikk, religion og filosofi, Nærmiljø og samfunn, Tal, rom og form. Barnehagane pliktar å lage egne årsplanar som viser korleis dei arbeider med fagområda, og korleis dei jobbar for å omsette mål og innhald i rammeplanen etter lokale forhold.



2.3 Lov om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa

I Opplæringsloven § 1-1 i kapittel 1 om føremålet med opplæringa, står det mellom anna:
«Opplæringa i skole og lærebedrift skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida og gi elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring.

...

Opplæringa skal gi innsikt i kulturelt mangfald og vise respekt for den einskilde si overtyding. Ho skal fremje demokrati, likestilling og vitskapleg tenkjemåte.

Elevane og lærlingane skal utvikle kunnskap, dugleik og holdningar for å kunne meistre livane sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Dei skal få utfalde skaparglede, engasjement og utforskartronge.

Elevane og lærlingane skal lære å tenkje kritisk og handle etisk og miljøbevisst. Dei skal ha medansvar og rett til medverknad.

Skolen og lærebedrifta skal møte elevane og lærlingane med tillit, respekt og krav og gi dei utfordringar som fremjar danning og lærelyst. Alle former for diskriminering skal motarbeidast.» (<https://lovdata.no/lov/1998-07-17-61/§1-1>)

2.4 Kunnskapsløftet av 2020

I grunnskulen er den nasjonale læreplanen det viktigaste styringsdokumentet for undervisninga. Alle aktivitetar i skulen må vere forankra i læreplanen som for tida er «Kunnskapsløftet 2020». Læreplanen inneheld ein overordna del som handlar om verdier og prinsipp for grunnopplæringa- og om å utvikle heile mennesket, og ein meir konkret fagplandel ([Læreplanverket \(udir.no\)](https://læreplanverket.udir.no)).

2.5 Rammeplan for kulturskolen

Arbeidet til Ål kulturskule byggjer på den nasjonale «Rammeplan for kulturskolen-Mangfald og fordjuping», og i delen om føremålet med opplæringa står det mellom anna:
«Kulturskolen skal gi opplæring av høg fagleg og pedagogisk kvalitet til alle barn og unge som ønskjer det. Formålet med opplæringa er å lære, oppleve, skape og formidle kulturelle og kunstnariske uttrykk. Kulturskolen er ein sentral del av den samanhangande utdanningslina som kan kvalifisere elevar med særleg interesse og motivasjon til opptak i høgare kunstfagleg utdanning. Opplæringa skal medverke til danning av barn og unge, fremme respekt for den kulturen andre menneske tilhøyrar, styrke medvit om eigen identitet, styrke evna til kritisk refleksjon og bidra til å utvikle eigen livskompetanse.» ([Rammeplanen > Norsk kulturskoleråd \(kulturskoleradet.no\)](https://rammeplanen.kulturskoleradet.no))

2.6 Kommuneplan for Ål 2015-2027

Kommuneplan for Ål 2015 – 2027 har visjonen «Eit levande Ål for alle», og kapittel 4.1 i denne planen omhandlar oppvekstmiljøet i Ål:


«Ål vil ha eit trygt og inkluderande oppvekstmiljø der alle lærer å ta ansvar, vise respekt og ha omsorg for kvarandre. Eit godt oppvekstmiljø er viktig for alle barn og unge si utvikling. Oppvekstmiljøet har mykje å seie for at folk skal trivast og ha lyst til å etablere seg i



kommunen. Satsing på barn og unge er ei god investering i framtida og er viktig for trivsel, etablering og samfunnsutvikling generelt.»

Kommuneplanen for Ål 2015-2027 har 13 vil-punkt. Ål vil:

1. *Hjelpe alle som veks opp i Ål til å bli flygedyktige og rotfaste. Bruke vengene for å få innsikt, vidsyn og perspektiv, og feste røtter for å meistre egne liv og tru på egne krefter.*
2. *At barn og unge skal verta høyrde i saker som omhandlar dei, som enkeltpersonar og som gruppe, gjennom til dømes Ungdomsrådet.*
3. *Ha ein mobbefri skule.*
4. *Ha god samhandling mellom barnehage, skule, helsestasjon, skulehelse-teneste, barnevern og PPT, til beste for barn og unge.*
5. *Fremje tidleg innsats og på den måten sikre at alle born med avvikande utvikling og lærevanskar får hjelp så tidleg som råd.*
6. *Ha høg pedagogisk kvalitet i alle barnehagar og skular, og arbeide systematisk for god rekruttering til fagstillingar.*
7. *Ha tidsriktige og framtidsretta hjelpemiddel og gode bibliotektenester.*
8. *Sikre gode uteområde som legg til rette for leik, læring og fysisk aktivitet.*
9. *Oppgradere skular og barnehagar.*
10. *Leggje til rette for at flest mogeleg kan gå/sykle/sparke trygt mellom heim, skule og fritidsaktivitetar, mellom anna med vidare utbygging av gang- og snarvegar.*
11. *Ha god og brukartilpassa skulefritidsordning (SFO) med godt kvalifisert personale.*
12. *Leggje til rette for gode fritidstilbod for barn og unge, samt støtte ungdommen i å skape eigen aktivitet.*
13. *Drive haldningsskapande arbeid mot vald, rus, kriminalitet og rasisme, og mellom anna vera eit lokalsamfunn med MOT.*



2.6.1 Våre verdier

Open – Grundig - Modig

Ål kommune har løfta fram dei tre verdiane; Open, Grundig og Modig, som skal vere overordna i arbeidet- og i kulturen hjå dei tilsette.

- Me er **opne** når me deler kunnskap, informasjon og ressursar med kvarandre, og me er imøtekomande og ærlege i alt vårt virke.
- Me er **grundige** når me innafor tildelte rammer er opptekne av å skaffe oss nødvendig innsikt og finne dei beste løysingane.
- Me er **modige** når me prøver nytt, gir tydelege rammer, har synlege forventningar, set grenser, tek ansvar og vågar å ta opp det som er vanskeleg.



*Husk å se opp på stjernene og
ikke ned på føttene dine.
Slutt aldri å jobbe for noe.
Arbeid gir deg mening, og livet er tomt uten.*

- Stephen Hawking

Kapittel 3: Forsking og teori




3. Forsking og teori

Evidensbasert praksis gir ein betre praksis.

Forsking og rapportar som vert knytt til handlingsområdet og strategiar som vert prioritert i planen, gir føringar for prioritert arbeid i sektoren. Rammeplan og læreplan er det viktigaste styringsdokumentet i barnehage og skule.

3.1 Tidleg innsats



Tidleg innsats er innsats tidleg i alder eller når vanskane vert avdekka. Dess tidlegare tiltaka vert sett i verk – dess betre læringsutbytte. Innsats i barnehagen og tidleg i læringsløpet i skulen krev gjerne avgrensa tiltak over ein periode, og barnet/eleven kjem på rett spor. Ein kan såleis unngå at vanskane får utvikle seg og eleven kan følgje ordinær opplæring. Får vanskane utvikle seg kan dei verte meir omfattande og krevje større innsats og ressursar. Å sette inn tiltak tidleg er difor effektiv utnytting av ressursar.

Kartlegging og vurdering av eleven sitt læringsutbytte, samt kva utfordringar eleven har er naudsynt for å kunne sette inn rett tiltak. Skal ein kunne tilpasse opplæringa må ein starte der eleven er. Generelle tiltak eller tiltak som ikkje treff, av di dei ligg på for lågt eller høgt nivå, vil oftast ikkje gi auka læringsutbytte. Innsats og ressursbruk står difor gjerne ikkje i stil med resultatet og det vert ikkje effektiv nytting av ressursar. Innsats på dei områda eleven treng, utifrå resultat på kartlegging eller som resultat av vurderingsarbeid, gir auka læringsutbytte. Å spisse tiltaka er effektiv utnytting av ressursar, eleven får betre utbytte av tiltaka og i beste fall kan tiltaka avsluttast etter ei tid og eleven kan følgje ordinær tilpassa opplæring.



Tilpassa opplæring må sjåast i samanheng med andre gjennomgåande prinsipp som inkludering og likeverd. Inkludering inneber at alle elevar skal ha tilhøyr til ein klasse og ta del i fellesskapen i skulen. Likeverdig opplæring inneber ikkje at elevane vert behandla likt, men ulikt ut frå dei behov dei har. Tilpassa opplæring er ein føresetnad for eit inkluderande og likeverdig opplæringstilbod og god tilpassa opplæring vil bidra til å nå visjonen i Ål-skulen: **«Alle som veks opp i Ål skal bli flygedyktige og rotfaste»**. Å utvikle den ordinære tilpassa opplæringa må det jobbast med kontinuerleg i skulen. God tilpassa opplæring gir auka læringsutbytte for elevane og er god utnytting av ressursar.

Systemretta arbeid er sentralt i barnehagen og skulen sitt kompetanse- og utviklingsarbeid. Utvikling av kompetanse, kollektive kulturar og lærande organisasjonar vil kunne sikre god kvalitet i opplæringa. Systemarbeid kan bidra til kollektiv kompetanseheving og utvikling av den tilpassa opplæringa – undervisningsmetodar, bruk av hjelpemiddel, digitale moglegheiter og liknande. Gjennom systematisk og systemisk arbeid og bruk av kunnskapsbasert kunnskap vil barnehagane og skulane kunne utvikle sin praksis. God kvalitet og god tilpassa opplæring gir auka læringsutbytte og effektiv utnytting av ressursane.

3.2 Vaksenrolla

Gode relasjonar er alfa og omega når ein skal skape gode lærings- og leikemiljø for barna. Den autoritative vaksenstilen blir framheva som den beste i møte med barn, og er derfor den Ål kommune ønskjer skal kjenneteikne alle tilsette i heile oppvekstsektoren. Den vaksne har då positiv kontroll, set tydelege genser og har klare forventningar til barnet, samstundes som dei er varme og aksepterande.

Barn som møter autoritative vaksne som lyttar til behova og ønska deira, samstundes som dei tek vaksenkontroll for å ivareta interessene i fellesskapet, lærer seg sosialt akseptable normer for åtferd. Barna lærer seg å vente på tur, vere vennlege, ta initiativ og møte nye utfordringar med nysgjerrigheit, interesse og sjølvtilitt. Når dei vaksne har gode relasjonar til kvart barn, styrkar det relasjonen mellom barna.

Dei tilsette i oppvekst i Ål kommune arbeidar gjennom prosjektet «Frå plan til praksis» med området vaksenrolla, elev/barnerolla og reglar. Me vil derfor laga oss standardar for korleis utøve vaksenrolla, og me har gått i djupna på kva verdigrunnlaget betyr i praksis. Slik vil barn og unge på Ål oppleve miljøet sitt som trygt og at dei vaksne har kunnskap og kompetanse om kva som skapar inkluderande og gode psykososiale miljø for barn og unge på Ål. Haldningane våre ligg til grunn for det vi gjør i møte med barn, i samtالene våre og i den åtferda me viser i vaksenrolla.

3.3 Stortingsmelding 6: Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO

I stortingsmeldinga: Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO (St.meld.6, 2019–2020), presenterte regjeringa tiltak som skal betre kvaliteten i oppfølginga av barn i barnehage, skule og SFO. Stortingsmeldinga inneheld ei rekke tiltak for å bidra til tidleg innsats frå barnehagen og ut vidaregåande opplæring.

«Regjeringen mener det først og fremst er behov for en praksisendring, gjennom kompetanseheving, bedre koordinering og mer systematisk arbeid i barnehager, skoler, kommuner og fylker. Kommuners og fylkers ansvar skal tydeliggjøres, og bidra til



at dagens forskjeller i oppfølgingen av barna reduseres. Regjeringen vil stramme inn regelverket for bruk av assistenter som gir spesialpedagogisk hjelp og flytte hjelpen nærmere barna ved å overføre ressurser fra det statlige, pedagogiske støttesystemet (Statped) til økt kompetanse i kommuner og fylker.» (St.meld 6, 2019-2020).

3.4 Oppvekstreforma

Barn lever ikkje sine liv innanfor spesifikke sektorar. Mange barn og unge med behov, og deira familiar, vil i møte med hjelpetenestene ofte finne seg i skjeringspunktet. Eit av måla med reforma er at kommunane skal styrke arbeidet med tidleg innsats og førebygging i heile oppvekstsektoren. Tidleg innsats, med tiltak som er godt tilpassa behova til barna- og familiane deira, er fyrst og fremst ei investering i innbyggjarane si velferd, men må også sjåast på som ei investering som kan spare kommunen for meir inngripande og kostbare tiltak seinare. Bakgrunnen for å flytte meir ansvar til kommunane på barnevernsområdet, er kommunane sin nærleik til familiane og innsikta i barna- og foreldra sine behov. Barnevernsreforma skal styrke kommunane sitt førebyggjande arbeid og tidleg innsats.

Reforma regulerer fyrst og fremst barnevernet, men måla i reforma blir nådd gjennom endringar i heile oppvekstsektoren i kommunane. Samla sett er barnevernsreforma i realiteten ei oppvekstreform, der kommunane legg til rette for tverrfagleg samhandling mellom ulike kommunale tenester og nivå. Målet er at fleire utsette barn og familiar får den hjelpa dei treng på eit tidleg tidspunkt.

Det er god samfunnsøkonomi å syte for godt førebyggjande arbeid. Heckman-modellen syner kor ressursane skal settast inn- tidleg! Å ha nok ressursar og kompetanse tidleg i eit barn sitt liv; både på helsestasjon, i barnehage og dei første fire åra på skulen, er svært viktig. Det er dyrt for barnehage- og skuleeigar å reparere seint i eit barn og ungt menneskeliv. Men mest av alt kostar det den einskilde ungdom dyrt-med i verste fall utanforskap.

3.5 Om lærarrolla. Eit kunnskapsgrunnlag

Forsknings- og utviklingsarbeid

Ei ekspertgruppe har sett nærmare på korleis lærarrolla har utvikla seg over tid, og kva for samfunnet forventar av lærarane i dag. Dette arbeidet resulterte i rapporten: «Om lærarrolla. Eit kunnskapsgrunnlag». Her står det mellom anna:

«Læreryrket blir forma i møte med elevane og læringa deira. Relasjonen til elevane, og faga dei underviser i, vil alltid vere kjernen i lærarrolla. Men ei utvikling av lærarrolla betyr også å bygge på andre relasjonar. I rapporten peiker vi mellom anna på kor viktig det er med eit godt lærarfelleskap, der lærarane på ein og same skule, og på tvers av skular, samarbeider om å styrke og utvikle undervisninga», seier professor ved NTNU, Thomas Dahl. Undervisning er kjerneoppgåva til lærarane, og bør difor vere utgangspunktet for utviklinga av lærarrolla framover.

Styrke profesjonsfellesskapet til lærarane – ikkje berre på den enkelte skule, men også lokalt, regionalt og nasjonalt.



Fleire profesjonar inn i skolen og meir differensiering av lærararbeidet, til dømes lærarspesialistar og ressurslærarar.

Styrke lærarutdanninga – meir profesjonsretta og forskingsbasert, og samstundes tettare på kvardagen i klasserommet.

Meir forskning på lærarrolla og utviklinga av skulen og undervisninga.

Skulesektoren bør ha nokre få, gode mål det er brei eining om.

3.6 Lærarprofesjonen

I Kunnskapsløftet-20 er profesjonelt fagleg fellesskap særleg lyfta opp som viktig for å gje lærarane ei framtrekande rolle i kunnskapsarbeidet på skulen. For skulene som organisasjon handlar det om å bli ein del av ein lærande organisasjon. Ein viktig føresetnad er at skuleeigar med avdelingsleiarane klarar å stimulere fram ei kollektiv orientering hjå personalet. Høg kollektiv orientering er ein føresetnad for at avdelingane skal kunne bli lærande organisasjonar.

«Læreprofesjonen byggjer profesjonsutøvinga si på felles verdiar og eit felles forskings- og erfaringsbasert kunnskapsgrunnlag. Profesjonen og den einskilde lærar forvaltar eit ansvar for å utøve skjønn i komplekse spørsmål. Lærarar og leiarar utviklar fagleg, pedagogisk, didaktisk og fagdidaktisk dømmekraft i dialog og samhandling med kollegaer. Utøving og utvikling av det profesjonelle skjønnnet skjer både individuelt og saman med andre. Fagleg dømmekraft føreset òg jamleg oppdatering. Lærarprofesjonen må derfor vurdere den pedagogiske praksisen sin for å møte enkelteleva og elevgrupper best mogleg.

Kompliserte pedagogiske spørsmål har sjeldan sikre svar. Dei tilsette i skulen må derfor ha aksept og rom for å bruke vurderingsevna si i yrkesutøvinga. Lærarar må tenkje nøye over kva, korleis og kvifor elevane lærer, og korleis dei best mogleg kan leie og støtte læringa, utviklinga og danninga til elevane. Lærarar som i fellesskap reflekterer over og vurderer planlegging og gjennomføring av undervisninga, utviklar ei rikare forståing av god pedagogisk praksis. Dette må gjerast med utgangspunkt i både kunnskapsgrunnlaget til profesjonen og verdigrunnlaget i grunnopplæringa.

Det profesjonelle samarbeidet ved skulane føreset god leiing. God skuleleiing føreset igjen leiingsfagleg legitimitet og god forståing av pedagogiske- og andre utfordringar lærarane og andre tilsette står overfor. God leiing prioriterer utvikling av samarbeid og relasjonar for å bygge tillit i organisasjonen. Skuleleiinga skal gi retning- og leggje til rette for- elevane og lærarane si læring og utvikling. Skuleleiinga skal leie det pedagogiske og faglege samarbeidet mellom lærarane og bidra til å utvikle eit stabilt og positivt miljø der alle har lyst til å yte sitt beste. Det er skuleleiinga si oppgåve å leie slik at alle får brukt dei sterke sidene sine, opplever meistring og utviklar seg.

God skuleutvikling krev rom for å stille spørsmål og leite etter svar og ein profesjonsfellesskap som er oppteken av korleis praksisen i skolen bidrar til at elevane lærer og utviklar seg. Alle tilsette i skolen må ta aktivt del i den profesjonelle læringsfellesskapen for å vidareutvikle skolen. Det inneber at fellesskapen reflekterer over verdivar og utviklingsbehov, og bruker forskning, erfaringsbasert kunnskap og etiske vurderingar som grunnlag for målretta tiltak. Velutvikla strukturar for samarbeid, støtte og rettleiing mellom



kollegaer og på tvers av skular fremjar ein delings- og læringskultur». [3.5 Profesjonsfellesskap og skoleutvikling \(udir.no\)](#).

3.7 Stortingsmelding 28 2015–2016: Fag – Fordypning – Forståelse

Profesjonene i skolen

«Skoleledelsen har ansvar for at skolen utvikler seg som en lærende organisasjon der lærerne som et kollegium samarbeider om å gi elevene en opplæring som er i tråd med målene i læreplan verket. Opplæringsloven § 9-1 fastslår at hver skole skal ha forsvarlig faglig, pedagogisk og administrativ ledelse, og at opplæringen i skolen skal ledes av rektor. Ledelse i skolen handler både om hvordan skoleledelsen legger til rette og støtter opp om læreres profesjonelle arbeid og hvordan lærere leder læringsarbeidet i klasserommet. Lærerne er avhengige av elevene sine for å oppnå mestring i klasserommet, tilsvarende er rektor avhengig av lærerne for å lykkes i sitt læringsarbeid.³ Elevenes mestring og læring er skolens formål, og må stå i sentrum for all virksomhet i skolen. Et godt læringsfellesskap handler om å være bevisst på relasjonsarbeid, gode relasjoner mellom elever, mellom elever og lærere og skolens ledelse. Skoleledelsens ansvar er omfattende. Det er mange hensyn som skal ivaretas, tiden skal disponeres mellom faglig og pedagogisk støtte på den ene siden og resultatoppfølging, tilsyn og kontroll på den andre siden. Utvikling av profesjonalitet i skolen forutsetter at både skoleledere og lærere samarbeider om å ta mer aktivt og mer strategisk grep om forvaltningen av eget kunnskapsfelt i et komplekst kunnskapslandskap» (St.meld. 28, s. 67-68).



*Det er mange ikring deg som frys
Ver du eit bål,
Strål varme ifrå deg!*

- «Tung tids tale», Halldis Moren Vesaas

Kapittel 4: Oppvekstsektoren i Ål



4. Fakta

Oppvekstsektoren i Ål rommar fire barneskular, ein ungdomsskule, fem offentlege barnehagar, kulturskule, innvandrartenesta, PPT for Ål og Hol, helsestasjon og eit oppvekstkontor. Fleire opplysningar er å finne på heimesida www.aal.kommune.no.

4.1 Barnehagar

Barnehagar		<i>tal per 01.06.2021</i>
1	Nordbygdene barnehage	2 avdelingar, 42 plassar
2	Sando barnehage	2 avdelingar, 36 plassar
3	Skattebøl barnehage	2 avdelingar, 42 plassar
4	Sundre barnehage	6 avdelingar, 108 plassar
5	Torpo barnehage	2 avdelingar, 36 plassar
	SUM	14 avdelingar, 264 plassar

4.2 Skular

Skular		<i>tal per 01.06.2021</i>
1	Nordbygdene skule	56 elevar
2	Nedre-Ål skule	183 elevar
3	Skattebøl skule	42 elevar
4	Torpo skule	52 elevar
5	Ål ungdomsskule	187 elevar
	SUM	515

4.3 Andre avdelingar i oppvekst

Andre avdelingar i oppvekst		
1	PPT for Ål og Hol	PPT skal hjelpe barnehage og skule med kompetanse- og organisasjonsutvikling. Vidare skal PPT leggje til rette for elevar med særlege behov og evt. utarbeide sakkunnig vurdering der lova krev det i tett samarbeid med skule og barnehage. Frå 1. mars 2022 vert PPT organisert uner helse og omsorg.
2	Ål kulturskule	Per 09.02 går det 288 elevar fordelt på 340 elevplassar i kulturskulen, og 49 elevar er på venteliste.
3	Ål introcenter	Ål vaksenopplæring underviser busette flyktningar og familie-sameinte frå Ål og Hol, arbeidsinnvandrarar, bebuarar på asylmottak i Ål og Hol og etter § 4A-1 i opplæringslova.
4	Ål helsestasjon	Svangerskapsomsorg og helsestasjonstenester for små barn, skule-helseteneste 5-20 år, helsestasjonen for ungdom, reisemedisin, smittevern, helseteneste for asylsøkarar og influensavakinasjon. Frå 1. mars 2022 vert helsestasjonen organisert under Helse og omsorg.

4.4 Elevtalsutviklinga basert på fødselstal

Kommunen har nedgang i barnefødselar:

2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027
------	------	------	------	------	------	------



38	38	38	37	37	37	37
----	----	----	----	----	----	----

Elevtalet går ned frå 559 i 2019 til 529 i 2021. I skulen er det ujamne elevkull ved Nedre-Ål skule. Etter kvart blir det også fleire kull under ti elevar ved skulane Torpo, Skattebøl og Nordbygdene. Med forventa varig nedgang i elevtalet kan desse skulane gå mot å bli varig fådelte. Frå 2025 er det kraftig nedgang i elevtal frå 529 i 2020 til 417. Historiske tal syner at årsskullet veks fram mot det året elevane startar i skulen, men skulene i Ål må nok rigge seg for vesentleg færre elevar framover. Det er ein prosess som burde starte no.

Skulane i Ål		1	2	3	4	5	6	7	8	9	10		Sum
Nordbygdene skule	2021/ 2022	7	9	5	10	12	4	9				56	521
Nedre Ål skule		19	17	13	19	39	41	36				184	
Skattebøl sk.		6	11	15	10							42	
Torpo skule		5	6	7	8	9	5	12				52	
Ål ungdomsk.									57	77	53	187	
SUM		37	43	40	47	60	50	57					
		1	2	3	4	5	6	7	8	9	10		Sum
Nordbygdene skule	2022/ 2023	4	7	9	5	10	12	4				47	493
Nedre Ål skule		14	21	17	13	29	39	41				174	
Skattebøl sk.		7	6	11	15							39	
Torpo skule		5	5	5	6	8	8	5				42	
Ål ungdomsk.									56	57	78	191	
SUM													
		1	2	3	4	5	6	7	8	9	10		Sum
Nordbygdene skule	2023/ 2024	5	4	7	9	5	10	12				52	466
Nedre Ål skule		31	14	21	17	28	29	39				179	
Skattebøl sk.		5	7	6	11							29	
Torpo skule		6	5	5	5	6	8	8				43	
Ål ungdomsk.									50	56	57	163	
SUM													
		1	2	3	4	5	6	7	8	9	10		Sum
Nordbygdene skule	2024/ 2025	6	5	4	7	9	5	10				46	431
Nedre Ål skule		10	31	14	21	28	28	29				161	
Skattebøl sk.		1	5	7	6							19	
Torpo skule		5	6	5	5	5	6	8				40	
Ål ungdomsk.									59	50	56	165	
SUM													
		1	2	3	4	5	6	7	8	9	10		Sum
Nordbygdene skule	2025/ 2026	6	6	5	4	7	9	5				42	417
Nedre Ål skule		28	10	31	14	27	28	28				166	



Skattebøl sk.		6	1	5	7							19	
Torpo skule		2	5	6	5	5	6	5				34	
Ål ungdomsk.									47	59	50	156	
SUM													
		1	2	3	4	5	6	7	8	9	10		Sum
Nordbygdene skule	2026/ 2027	6	6	6	5	4	7	9				43	406
Nedre Ål skule		18	28	10	31	21	27	28				163	
Skattebøl sk.		6	6	1	5							18	
Torpo skule		9	2	5	6	5	5	5				37	
Ål ungdomsk.									39	47	59	145	
SUM													



Det går ein veg mellom fortid og framtid...

-«Røta», Hellbillies

Kapittel 5: Me er i gang



5 Me er i gang

I alle avdelingane i oppvekst blir det lagt ned mykje og godt arbeid for dei som veks opp i Ål kommune. Regionale prosjekt og kommunale satsingar har gitt resultat. Det er ei utfordring å klare å halde på ettertrykket i implementeringsperioden. Gjennom verksemdsvurdering, nasjonale prøver, brukarevaluering og statistikk, har kommunen kunnskap om tilstanden.

5.1. Språkkompetanse

Oppvekstsektoren hadde stort fokus på å styrke og implementere språkkompetanse i barnehage og skule gjennom prosjektet «Felles løft for tidleg innsats». Fokuset i barnehagen er å styrke barna sine grunnleggjande ferdigheiter, der eit av områda er språk og språkmiljøet til barna. I skulen er fokuset på den første lese- og skriveopplæringa, omgrep og at alle tilsette er leselærarar. For sektoren er det utarbeidd prosessmål for skulestartarar som alle barnehagane jobbar etter og ein språk- og leseplan for skulen, i tillegg til satsing på systematisk omgrepslæring som er gjennomgåande frå barnehage til skule. Oppvekstsektoren er ikkje ferdig med denne satsinga, og vil også komande periode arbeide med å få på plass system, rutinar, planar og oppretthalde kompetanse på området.

5.2 Systemarbeid «Trygg oppvekst»

«Trygg Oppvekst» er namnet på den tverrsektorielle modellen som skal systematisere, forankre og samordne kommunen sitt arbeid med barn, unge og føresette på tvers av tenester og nivå. Dei tre nivåa er kommunalt-, etats- og individnivå. Gjennom den heilskaplege modellen og konkrete verkøy for identifikasjon og oppfølging, skal fleire barn, unge og føresette få riktig, koordinert og langsiktig hjelp. Sentralt står samhandling til det beste for barn og unge, og samstundes sikre ein langsiktig innsats for å betre barn- og unge sin oppvekst i kommunen.

I «Trygg Oppvekst» på individnivå ligg samhandlingsmodellen for Betre tverrfagleg innsats (BTI). Denne samhandlingsmodellen kallar me *handlingsrettleiare*. Handlingsrettleiaren er ein modell som både er eit hjelpemiddel til å ta strategiske avgjersler og for å systematisere og syne ei oversikt over korleis ein skal handle (handlingsløype) i det praktiske arbeidet med barn, unge og føresett som vekker ei undring/uro hos vaksne. Handlingsrettleiaren illustrerer handlingsløypa gjennom fire nivå.

Ved å arbeide etter modellen sikrar me heilskapleg og koordinert samarbeid mellom heim, barnehage/skule og hjelpetenestene i kommunen, utan at det blir brot i oppfølginga.

5.3 «Frå plan til praksis»

Målsettinga er å gje alle tilsette i sektoren grunnleggjande evidensbasert kompetanse om kva som er den beste måten for barnehagane og skulene å syte for auka meistring og læring hjå barn og unge. Innsatsen skal løfte alle barn og unge fagleg, men også gje barn og unge sosiale ferdigheiter. For å komme dit må barnehage- og skuleeigar syte for å samordne dei fem barnehagane og dei fem skulane for at barn og unge på Ål får lik opplæring. Felles skoloring og samordning hjå dei tilsette vil også gje betre barnehage- og skulemiljø. Ved å styrke dei tilsette sine ferdigheiter i pedagogisk leing, og gje støtte til avdelingsleiarane, vil målsettinga vere å nå prinsippa i opplæringa. Tidleg innsats er å legge til rette for god



språkutvikling og å førebygge utvikling av språkvanskar. Det handlar om å fange opp og følgje opp, og å betre barnet sine føresetnader for all læring.

5.4 Hallingdal Leirskule

Hallingdal Leirskule starta opp hausten 2016. Å ha ein leirskule i bygda er positivt for kommunen. Leirskuletilbodet på Ål er populært og har hatt auka pågang med elevar. Leirskulen har vorte til ein ganske stor avdeling i Skattebøl skule, og ein bør sjå på om ny mogeleg organisering med eigen avdelingsleiar er tenleg.



*Kvart menneske er ei øy, som kjent.
Så det må bruer til.
Uendeleg mange slags bruer...*

«Kvart menneske er ei øy», av Tarjei Vesaas

Kapittel 6: Utfordringane våre



6 Utfordringane våre

6.1 Spesialundervisning

I skuleåret 2020/2021 har 15,6 % av elevane vedtak om spesialundervisning. Landsgjennomsnittet er 7,9 %. Sektoren ynskjer i endå større grad å dreie ressursbruken mot god språkopplæring i barnehage og skule, og tilpassa opplæring i skule. Sektoren har gjort grep og har utarbeida nye rutinar for oppfølging av vedtak og rutinar for systemarbeid. Sektoren vil som eit tiltak for systemoppfølging lage ein eigen plan for spesialundervisning for dei neste 4 åra. Det er også i gang med meir rettleiing frå PPT til skule og barnehage. Det har så langt vist seg i færre re-tilmeldingar. No vert det viktig for sektoren å få stå i omstillingsarbeidet, og arbeide vidare med å vri undervisninga til meir tilpassa opplæring (TPO) og inkluderande praksis.

6.1.1 PPT

Ein viktig aktør i oppvekstsektoren sitt utviklingsarbeid vil vere Pedagogisk psykologisk teneste (PPT). Dette er ei interkommunal rådgjevande teneste som er lovpålagt og hemla i opplæringslova § 5-6. PPT skal hjelpe barn, ungdom og vaksne som strevar i utviklinga, eller har ein ikkje-tilfredsstillande opplæringssituasjon. PPT skal vere ein aktiv deltakar i skulane sitt arbeid med systematisk utvikling av inkluderande læringsmiljø. PPT må også ha ei aktiv rolle ved bekymringar knytt til elevane sitt sosiale og faglege læringsutbytte. Sjølv om PPT vert organisert under helse og omsorg er det forventningar frå sektoren om fortsatt nært fagleg samarbeid.

6.2 Pedagogisk bruk av IKT

Ål kommune har brukt mykje investeringsmidlar på utstyr, særleg i skulane. I løpet av planperioden må ein rekne med at barnehagane treng meir digitalt utstyr, samt at det meste av utstyret i skulane må skiftast ut.

Det er i driftsbudsjetta det må vere midlar til å fortløpande erstatte defekt og utdatert utstyr, sørge for eit godt utval lisensar på pedagogisk programvare og gjere det mogleg å arrangere kurs/foredrag for både tilsette og føresette. Sjølv om alt det ovanfor nemnde er viktig, er eit skikkeleg digitalt kompetanseløft det som no står for tur. [\[1\]](#)

6.3 Svake resultat på 5. trinn

Gode ferdigheiter i lesing, rekning og skrivning er grunnlag for trivsel og mestringsoppleving, men kommunen har for mange elevar på lågaste mestringsnivå i nasjonale prøver på 5. trinn. Difor blir det viktig å bruke god tid på grunnleggjande ferdigheiter og gode overgangar mellom trinna i barneskulen. Det vil krevje at skulane arbeidar systematisk og målretta med oppfølging og tiltak knytt til arbeidet med å få eit betre resultat på nasjonale prøvar. Det vil komme til syne i handlingsplanen i kommande periode. Ut ifrå ressursane me har i sektoren, kan ein forvente noko betre resultat.



6.4 Økonomi

Endra økonomiske rammevilkår gjer at kommunen må stramme inn på driftsutgiftene. Etter fleire år med sparekatalog er innsparingane merkbare i sektoren. Vidare har Rådmannen i siste budsjettframlegg for 2021 sagt at demografien tilseier at ein må omfordele pengar frå oppvekst til helse- og omsorgssektoren dei neste åra. Den demografiske utviklinga viser auke i tal av eldre og reduksjon i barnetalet. Ål kommune må flytte ressursar frå oppvekst til helse og omsorg i ein storleik på ca. kr 1,5 millionar pr. år i 2022 til 2025. Omstilling og effektiv ressursutnytting blir naudsynt også i kommande planperiode.

6.5 Integrering

Ål introserter har ansvar for busetting, etablering, kvalifisering og inkludering av flyktningar med opphaldsløyve. Ål introserter har også ansvar for opplæring i norsk og samfunnskunnskap for busette flyktningar og familiesameinte i Ål og Hol kommune, samt for arbeidsinnvandrarar og andre med behov for norskopplæring.

I 2021 har kommunen vedtak om å busette 14 flyktningar. Dei fleste flyktningane som blir busette no er overføringsflyktningar (også kjent som kvoteflyktningar) som kjem rett til Noreg og Ål frå flyktningleir. Dei er meir sårbare, mange har helseutfordringar og dei har større behov for tett oppfølging enn det vi har sett tidlegare. Blant anna har mange behov for heilt grunnleggjande kunnskap om korleis bu i eit hus, korleis ta ansvar for eigen økonomi og oppfølging av barn og familie. Her er det viktig å vere tett og tidleg på. Det er også ein lang veg å gå når det gjeld kvalifisering til arbeidslivet, både i høve til formell kompetanse og språk. I tillegg stiller den nye integreringslova høgare krav til kommunane når det gjeld innhaldet i introduksjonsprogrammet. Sjølv om kommunen ikkje buset fleire personar no enn for nokre år sidan, er situasjonen meir ressurskrevjande for avdelinga og for kommunen. For å få gode resultat er det viktig at heile kommunen spelar på lag og ser busetting av flyktningar som ei felles oppgåve.

6.6 Fådelte skular

Fallande barnetal og skulestrukturen me har på Ål, krev meir fådelt organisering av skulene. Det betyr aldersblanding med fleire trinn i samanslåtte klassar, og meir prosjekt- og tverrfagleg arbeid i skulene. Å undervise i fådelte skular krev at pedagogen og skulen klarar å gje ei holistisk pedagogisk opplæring som samsvarar med ny læreplan. Dette vil bli eit satsingsområde for tilsette i skulane framover. Fleire forskarar slår fast at læraren er den viktigaste faktoren for kvalitet i opplæringa. Læraren si evne til å formidle, knytte relasjonar med elevane og skape relasjonar mellom elevane i ei gruppe er avgjerande for gode resultat. Dette har kome stadig meir i fokus, og er saman med fokus på skuleleiar som utviklingsmotor i grunnopplæringa, langt framme i forskingsarbeid om kvalitet og utvikling i skulen. John Hattie, professor og forskar ved Auckland Univ., seier at det er lite som tyder på at det å redusere klassestorleik gir meir læring, eller at resultata blir betre ved å gruppere elevar etter evne. Hattie meiner at kompetansen til læraren er det mest avgjerande for gode resultat i klasserommet. Difor vil det for framtida vere viktig å syte for å utvikle god fådelt pedagogikk.



6.7 Kompetansekrav

Nasjonalt blir det stilt større krav til fagkompetanse. Innan 2025 skal alle som underviser i grunnskulen ha formell kompetanse om dei underviser i norsk, matematikk eller engelsk. Læring er komplekse prosessar som krev god struktur og tette og nære relasjonar. Me treng enda fleire lærarar som fullfører kompetanse for kvalitet. I tillegg er det eit behov for meir fagkompetanse i øvrige fag som til dømes IKT, kunst og handverk, musikk, mat og helse, spesialpedagogikk og naturfag. Her kan ordninga med lærarspesialist vere ei løysing.

Ål kommune vil ta alle utfordringane overfor på alvor. Difor vil det også i framtida kunne bli naudsynt med både innholdsmessige, organisatoriske og strukturelle grep.

6.8 «Oppvekst 2030»

Ål kommunestyre ber SUKO som fagutval om å setja i gang eit arbeid for å finne fleire alternative løysingsforslag for korleis kommunen skal organisere oppvekstsektoren mtp. synkende elevtal.

Arbeidet skal peike på faktorar for korleis ein best kan ivareta elevane og sektoren når det gjeld læring, sosial meistring, fagleg utvikling, ressurstilfang og organisering, og korleis ein kan nytte fagkompetansen og hjelpeinstansane optimalt.

Arbeidet får tittelen «Oppvekstsektoren i Ål fram mot 2030», og skal forankrast blant relevante samarbeidsaktørar, som tilsette, føresette, fagrørsla, elevråd, ungdomsråd, FAU og SU. Konkrete, alternative løysingsforslag blir lagt fram i ei sak for kommunestyret seinast våren 2023.



*Det bur so mykje i meg
hadde du visst det hadde du alder banka på.
Når eg fyrst kjem i siget
er eg seig og du kjem alder herifrå.
I mange år
so var eg sjølv eit temmeleg hemmeleg kunstverk.*

«Søt harmoni», Stein Torleiv Bjella

Kapittel 7: Innsatsområde i perioden 2022-2025



7. Innsatsområde i perioden 2022 – 2025

7.1 Vedlikehold av pågående arbeid i sektoren

Det blir viktig å halde tak i tiltak, metodikk og prosessar, som til dømes:

- Trygg oppvekst - implementering
- “Frå plan til praksis”
- Fagfornyng
- Kartleggingsplan barnehage
- Språk- og tekstkompetanse
- Tverrfagleg samarbeid med hjelpetenester
- Overgangsplan for barn frå barnehage til skule i alle overgangar
- Lærande organisasjon
- Leiarutvikling

7.2 Utviklingsområde i planperioden

A. Inkluderande barnehage- og skulemiljø (IBS)

Kompetansetilbodet «Inkluderande barnehage- og skulemiljø» er eit statleg initiert tverrfagleg prosjekt som oppvekst i Ål blei med i frå 2018. Tilbodet styrker kompetansen til barnehage og skulane i å utvikle og oppretthalde gode og trygge barnehage- og skulemiljø, med fokus på førebygging, avdekking og handtering av mobbing og andre krenkingar.

I prosjektperioden har oppvekst hatt fokus på Opplæringsloven § 9a og Barnehageloven § 41-43, som handlar om mobbing/mistrivsel og krenkingar, med å få på plass rutinar og system rundt førebygging, avdekking og handtering. I tillegg er det utarbeidd ein plan for foreldresamarbeid for barn frå 0 år – 10.trinn, og utarbeidd ein samhandlingsplan: «Trygg oppvekst», som skal sikre heilskapleg og koordinert samarbeid rundt barn, unge og føresette ein har undring/uro rundt. Implementering av dette arbeidet tek tid og vil bli jobba med i heile planperioden.

B. Heilskapleg opplæring

Heilskapleg læring handlar om å skape samanhengar på tvers av fagområda i rammeplanen og læreplanen. Det krev at pedagogane har kunnskap om rammeplan- og læreplanverket og korleis dei kan utvikle heilskapleg tilnærming til implementering av alle delar av rammeplan- og læreplanverket. Det krev også at tilsette har kunnskap om djupnelæring, grunnleggjande ferdigheiter, tverrfagleg tema og kjerneelementa i sine fagområder- i tillegg til kunnskap om læring, elevmedverknad og vurdering. Slik vil oppvekstsektoren følgje opp rammeplanen og fagfornyng sin intensjon om tverrfaglegheit og djupnelæring, og Ål kommune vil då fremje gode rammer for læring. Barn og unge vil bli sikra medverknad og tilpassa opplæring ved å ta utgangspunkt i barna sine interesser og utvikle tverrfagleg arbeid i barnehagar og skular. Det gjer også høve til god inkludering kor alle barn vert sett og verdsett med den kulturelle bakgrunnen dei har, og me utviklar betre forståing for kvarandre. Det vil også vere viktig å knytte heilskapleg undervisning saman med utvikling av fådeltpedagogikk på dei fådelte skulene våre.



C. Pedagogisk bruk av IKT

Ål kommune skal gje barn og unge god digital kompetanse slik at dei kan meistre arbeidslivet i framtida, delta i demokratiet og gjere gode val for seg sjølv og andre. Det framtidige arbeidslivet krev både grunnleggjande teknologisk kompetanse, kreativitet, problemløysing og samarbeidsevner. Digitale arbeidsmåtar som programmering, skaparverkstader og spelpedagogikk kan vere gode arenaer for å øve på alle desse ferdigheitene.

At barn og unge får kjeldekritisk kompetanse og opplæring i korleis dei kan delta konstruktivt i den offentlege debatten, er viktig for framtida til demokratiet. Utvikling av god digital dømmekraft og etisk refleksjon er også den beste vaksinen mot uønska hendingar på nett. Barn og unge i Ål skal oppleve at teknologien blir brukt på ein sunn og trygg måte for å lære, skape og utforske – heilt frå barnehagen. Barn og unge i Ål skal få systematisk opplæring i grunnleggjande, digital kompetanse jamfør rammeplanane for barnehage og kulturskule, læreplanen for skulen og vaksenopplæringa og rammeverket for grunnleggjande, digitale ferdigheiter[1]. [1] [2.1 Digitale ferdigheter som grunnleggjande ferdighet \(udir.no\)](#)

7.3 Kompetansearbeid

Kompetansearbeid for tilsette i oppvekstsektoren:

7.3.1 Barnehage- og skulebasert kompetanseutvikling

Avdelingane i oppvekst er lærande organisasjonar. Breie kompetanselyft som inkluderer alle i ein organisasjon gir best resultat og varig praksisendring. Dette arbeidet vil halde fram gjennom kompetanseutvikling av pedagogiske prosessar i barnehagane, desentralisert ordning for kompetanseutvikling og anna regionalt samarbeid. Det faglege kompetansearbeidet skal sjåast i samanheng med nasjonale- og kommunale føringar i til dømes: «Betre læring», lovverk, forskning og Stortingsmeldingar.

7.3.2 Pedagogisk bruk av IKT

For at barn og unge i Ål skal utvikle digital kompetanse, samt oppleve at teknologien blir brukt på ein sunn og trygg måte for å lære, skape og utforske, krevjast det kompetanseutvikling hjå dei tilsette[1], både kollektivt og individuelt, på kvar avdeling og på tvers av avdelingar. Det er eit stort, uutnytta potensiale i å bruke det digitale til å forbetre spesialundervisninga, drive betre tilpassa opplæring og kople undervisninga med verda utanfor. Rammeverket for lærarar sin Profesjonsfaglege Digitale Kompetanse viser kva for kompetanse dei tilsette bør ha.

[Rammeverk for lærerens profesjonsfaglege digitale kompetanse \(PfdK\) \(udir.no\)](#)


7.3.3 Tidleg innsats og livsmeistring

Både frå forskning og empiri kjenner me viktigheita av *leiken* for ungane i barnehagen. Leiken sin betyding for å utvikle vennskap og sosiale ferdigheiter, men også for læring. Å leike seg til meistring må vere det viktigaste føremålet for barnehagen. Her kan skulane lære av barnehagane og syte for å skapa relevans for elevane i deira læringssituasjon, ved å bruke aktiv læring og fysisk aktivitet som metode for læring. Aktiv læring i lærande organisasjonar viser seg å vere viktige bidrag til djupnelæring- og elevane si trivsel og oppleving av relevans i faga. Men å leike seg til læring, fysisk aktivitet i klasserommet eller ute, eller praktisk utøving av oppgåver for å nå læringsmål, skapar også høve for sosialt samspel, tilhøyre og forståing



for eiga læring. Me veit at «å flytte» klasserommet ut, og å vere ute i naturen- ikkje berre gjer høve til læring, men også er med å styrke god psykisk helse. Dette utfordrar pedagogen si forståing av kva tidleg innsats er, men også korleis dei tilsette arbeidar med å gje tilpassa opplæring. Sektoren må arbeide meir systematisk for å auke forståinga av kva tidleg innsats og tilpassa opplæring er, samt arbeide med kompetansedeling knytt til tverrsektorielt samarbeid med mellom anna helsetenestene. Tidleg innsats og livsmeistring handlar såleis om å målrette innsatsen mot barn og unge gjennom førebygging, tidleg avdekking og rask igangsetting av hjelpetiltak for å auke graden av meistring. Dette kjem i tillegg til tidleg innsats på dei ulike fagspesifikke områda som lesekurs, matematikk-kurs og liknande.

Figuren under syner ei oversikt over innhaldet i handlingsplanen Betre læring, rullering kvart år:



Handlingsplanen med konkrete tiltak skal vere styringsverktøy for avdelingane i oppvekst og skal sjå til at lokalt arbeid i kvar einskild avdeling er forankra i Betre læring i Ål kommune 2022 – 2025.



8 Strategidokumentet og handlingsplan


Dette strategidokumentet er vedteke i kommunestyret desember 2021 og gir retninga gjennom heile planperioden fram til 2025. Strategidokumentet formulerer dei innsatsområda sektoren skal prioritere i perioden. Strategidokumentet formulerer også kvalitetsmål og resultatmål for perioden. Kommunestyret bør sette ned ei prosjektgruppe hausten 2024 som får i oppgåve å arbeide fram eit nytt strategidokument for neste fireårsperiode.

Handlingsplanen blir utarbeidd av fagmiljøet i sektoren og blir rullert gjennom årsmelding, strategikonferanse og budsjetthandsaming. Handlingsplanen inneheldt tiltak og oppgåver som skal gjennomførast kommande arbeidsår og blir rullert kvart år. Første versjon av handlingsplan 2022 -2025 blir ferdigstilt januar 2022.

I tillegg er den årlege tilstandsrapporten eit viktig styringsverktøy for skuleeigar, og skal hjelpe dei folkevalde, administrasjonen og avdelingsleiarane til å evaluere og utvikle tenestene i sektoren.

Rapporten inkluderer skulane, barnehagane, PPT, kulturskulen, VO og helsestasjonen. Tilstandsrapporten viser korleis sektoren arbeider for å nå dei ulike kvalitetsmåla.

Som ein viktig del av det årlege rulleringsarbeidet blir det gjennomført dialogmøte i alle avdelingane i oppvekst i januar og strategikonferanse i april. Sjå figur under.



D Dialogmøte med avdelingane, januar kvart år

S Strategikonferanse for oppvekstsektoren, april kvart år



*Alle veit kva som er best for den norske skolen.
Politikarane veit kva som er best for den norske skolen.
Byråkratane veit kva som er best for den norske skolen.
Ekspertane veit kva som er best for den norske skolen.
Redaktørane veit det. Direktørane veit det.
Foreldra veit kva som er best for den norske skolen.
Kronikkforfattarane veit kva som er best for den norske skolen.
Ein vakker dag skal vi spørje den norske læraren også.*


«Syn & Segn» nr.3/2015, av Frode Grytten





Tegna av elevar på Torpo skule





ÅL KOMMUNE

